

STIG RONNY TVEITEN

Mobilnummer

934 54 472

E-postadresse

srtveiten@hotmail.com

Kontonummer **** * 55122

Vedtaksdato

28.11.2025

Vedtaket er gjort av

Vinje kommune

Søknadsdato

20.11.2025

Vår referanse

2025/1765, Agros 312549

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Restaurering av høysel på Berge gard

Samandrag: Vinje kommune har vedtatt å innvilge opptil 91 000 kroner i tilskot til STIG RONNY TVEITEN til Restaurering av høysel på Berge gard. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.03.2027.

Vinje kommune viser til søknad av 20.11.2025.

Bakgrunn i saka

STIG RONNY TVEITEN søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 20.11.2025. Du søker om totalt 100 000 kroner i tilskot for tiltak i perioden 01.05.2026–01.05.2027. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 200 250 kroner.

Søknaden gjeld restaurering av høysel på Berge gard - bytte tak, jekke opp bygget, samt drenere

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom skal tiltaket gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også først journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søker driv garden og oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4 - samt krav til gjødslingsplan.

Restaurering av eldre høyløe på Berge er etter vår vurdering godt i tråd med regelverket for SMIL-ordninga, jf pkt 5.1.3 i rundskrivet: - tiltak som ivaretar kulturminner og kulturmiljøer, inkludert verneverdige bygninger gjennom skjøtsel, vedlikehold og istandsetting. Vi registrerar også at søknaden har ein god skildring av tilstand på bygningen, med foto, arbeidsplan og oversikt over kostnader. Søker har sjølv god erfaring med restaurering av andre eldre bygningar på garden. Bygget er registrert som i SEFRAK - men det er uklart hvor gammelt det er. Det er ikkje fredda. Vi legg og vekt på at bygget ligg i ei grend med eitt flott eldre kulturlandskap, samt med fleire andre eldre og fredda bygningar i området.

Generelt gjer vi merksam på at det ikkje blir løyvd SMIL- tilskot til tiltak der det blir nytta plastbelagte stålplater eller liknande på tak. I søknaden er det nytt tretak som - etter vår vurdering - tilfredstillar krav til autentisk oppleving av bygget. I SMIL-samanheng skal det nyttas ein timepris på eigeninnsats på kr 350,- pr. time - og kr 750,- for maskinarbeid. Vøling av verneverdig bygning knytt til landbruket har 2. prioritert i tiltaksstrategien i Vinje kommune for SMIL-saker.

Det har no på slutten av året blitt trekt inn unytta SMIL- tilskot frå fleire prosjekt i Vinje som ikkje har blitt utført. Vi nyttar då høve til å setje tilskotssatsen til 45% - og fordele tilgjengeleg midlar på nyleg innkomne søknader om restaurering av eldre bygningar.

Vinje kommune har vedtatt å innvilge opptil 91 000 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.03.2027. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

Det skal takas vare på mest mogleg av dei opphavlege elementa i bygget og miljøet rundt, gjerast så få endringar som mogleg (reparasjon framfor utskifting) og brukast tradisjonelle, stadeigne materialar og teknikkar.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

For utbetaling legg du ved ein rapport over arbeidet som gjort - gjerne med nokre foto teke undervegs. Lag eit enkelt rekneskap - og legg med timelister for eiga innsats.

Vinje kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggjast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 200 250 kroner. Dersom kostnader for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotssummen bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark. Send klaga til Vinje kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
Vinje kommune

Saksbehandla av: Thor Christiansen
Godkjend av: Knut Martin Edland